

## VEDK: BREIBANDUTBYGGING

Til Meland kommune

Postboks 79

5906 Frekhaug

**Innspel/søknad vedk. trong for breiband i bygdene.Hestdal,Håtuft.Gripen og Myrtveit**

I samband med at kommunen har oppmoda til å koma med innspel til søknad om midlar til breibandutbygging søker Myrtveit Bygdelag om utbygging av breiband uavhengig av om kommunen får tildelt midlar.

I bygdene rundt Myrtveit Bygdelag er det fleire private firma. Dei slit med eit mindre godt intranett. I tillegg er det generelt dårleg mobildekning i området. Dette ei kjent sak i kommunen.

Me er kjent med at kommunen skal satsa på digitale hjelpemidlar til personar som treng hjelp innan pleie-og omsorg. Skal det fungera i vårt område må det utbyggast betre forhold med både mobildekning og internett.

Bygdelaget er også kjent med at det i samband med utbygging av pumpestasjonen på Hestdal skal det leggast breiband i kabel til denne stasjonen.

Myrtveit Bygdelag meiner at Meland kommune må hjelpa til slik at det er mogeleg å strekkja slik kabel vidare til området som nemnt ovanfor. Me veit at det i Meland kommunestyre er vilje til å bruka kommunale midlar til å byggja ut breiband på stader der profittaktørar ikkje vil satsa utbygging.

Bygdelaget ser fram til positivt samarbeid i saka slik at det er mogeleg å driva firma meir effektivt og for å betra tilhøva for innbyggjarane generelt i desse bygdene.

Myrtveit 16.april 2018

Myrtveit Bygdelag

Gisle Olsvoll (s)

Leiar



Sølvi Knudsen

Skrivar

I samband høyring vedk. breibandutbygging har nokre av innbyggjarane teke initiativ til underskrifter i saka. Den lista følgjer vedlagt.